

Innleiande grunngiving for vurdering av KU-plikt og planprogram for Detaljreguleringsplan for Skarsmoen, Ullensvang kommune. Plan ID: 46182025004

Planområdet på Skarsmoen er i gjeldande kommuneplan for Odda kommune sett av til industriformål, og dette blir vidareført i forslag til ny kommuneplan for Ullensvang kommune, som enno ikkje er vedteken. Den nye detaljreguleringa skal regulere området til bygg- og anleggsformål, næringsverksemd, i tillegg til kommunalteknisk anlegg (gjenvinningsstasjon, lager og vedlikehald av kommunale køyretøy), veg og gang- og sykkelveg.

Ein stor del av planområdet, slik det er avgrensa av kommunen, er tidlegare regulert til industriformål i ein eldre reguleringsplan frå 1975. Det er behov for ny reguleringsplan som sikrar vidare utvikling og etablering av ny nærings- og industriverksemd, samt dekkar kommunen sitt behov for kommunalteknisk anlegg.

Tiltaket er omfatta av vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar, og planen er difor ikkje automatisk KU-pliktig. Det er heller ikkje krav om planprogram for detaljreguleringar som gjeld tiltak i vedlegg II, jf. forskrifta § 6.

Det er likevel krav om å gjennomføre ei vurdering etter § 8 og § 10 for å avklare om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Følgjande forhold er vurderte:

- **Planens eigenskapar:** Tiltaket inneber vidareutvikling av eit eksisterande næringsområde, men den sørlege delen av planområdet er i dag ubebygd og har vegetasjon. Dette betyr at tiltaket vil medføre fjerning av grøntareal og terrenginngrep, men det er ikkje registrert naturtypar eller artar av nasjonal verdi i området i kartdatabasen.
- **Lokalisering:** Planområdet grensar til eit vassdrag (elv), og det skal leggjast inn ei byggegrense på 25–50 meter frå elvekanten for å ivareta kantvegetasjon og redusere risiko for forureining og erosjon. Det er ikkje registrert verneområde eller viktige naturverdiar i tilknytning til vassdraget, men tiltaket må handtere overvatn og sikre mot flaumfare. I kartdatabasen frå NGU er det registrert at ein avgrensa del av planområdet i sør ligg innanfor flaumfareområde. Dette krev særskilt vurdering av flaumsikkerheit og overvatnshandtering i planarbeidet.
- **Verknadsomfang:** Tiltaket er ikkje venta å medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, landskap eller friluftsliv, føreset at avbøtande tiltak blir gjennomførte (m.a. sikring av kantsoner, overvatnshandtering, flaumsikring og erstatning av grøntstruktur).

På bakgrunn av dette blir det vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, men at det skal utarbeidast ein ROS-analyse og gjerast greie for vassmiljø, overvatnshandtering, naturmangfald og landskapsverknader i planomtalen.

Plankonsulent, HPR AS, Oslo